

Referat FAU-møte 03.12.2025

Møtestad: Barneskulen

Desse møtte: Mari Eide, Gro Frøyen, Beate Fosse, Ingrid Myrstad, Gunn Marit Fossedal, Irene Sanden. Lise Villanger (møtte ca 1 time etter møtestart)

Meldt fråfall: Yasmin Kaml

Saksliste:

1. Planlegge juletreffest 2025.
Tid: Søndag 28. desember kl. 14.30 i Grendahuset.
Mari lagar arbeidsliste og deler med FAU på messengergruppa.
2. Roller i FAU:
Nestleiar: Gunn Marit Fossedal
Kasserar: Gunn Marit Fossedal
Sekretær: Irene Sanden
3. Registrere styremedlemmar i samordna registermelding.
Leiar får personnr. frå nye styremedlemmar.
4. Rektor ønskjer tilbakemelding frå FAU på framsyning 17.12.25
 - a. Meiner FAU dette skal vere tid som skal avspaserast for elevane?
Rektor tenkjer at det kan vere pliktig dugnadsarbeid og ikkje avspasering.
 - i. FAU er einig i dette.
 - b. Skulen har ikkje drøfta skikkeleg om det skal vere sosialt etter framsyninga. Om FAU ønsker det, kan de bidra med det praktiske?
 - i. FAU tenkjer at det ikkje er nødvendig då det er så mykje anna sosialt som skjer rett før jul.
5. Arrangering av Vossahelg med ungdomsskulen
Kim Arnes har vore primusmotor for dette. Han har ikkje barn i ungdomsskulen no lengre. Kim kan vere med å hjelpe til med "opplæring" av å planlegge Vossatur for ny foreldregruppa, men ein treng ei ny gruppe som kan ta seg av planlegginga. Mari kan vere med i gruppa for 10. klasse. Irene høyrer med foreldregruppa i 8. klasse og Gunn Marit Fossedal høyrer med foreldregruppa i 9. klasse.
6. Smarttelefonfri barndom - sette ein plan for korleis FAU skal arbeide med temaet framover.
 - publisere info om dette på Solund Nyheter
 - oppfordre frivillege lag til å legge til rette for mobilfrie fritidsaktiviteter
 - informere på møte med førskule før skulestart om at skulen skal bli ein mobilfri skule
 - oppfordre at klassesamlingar vert mobilfrie

- ta dette opp på foreldremøta for 1.- 7. klasse.

7. Innspel til FAU

- a. Invitere mobbeombudet i Vestland v/ Gøril Hillersøy til Solund.
FAU er positive til dette. FAU sender førespurnad om dette.
- b. Invitere politiet og barneverken til foredrag i løpet av 2026. Nettvett mm. Ta dette opp i møte med rektor.